



**Naustdal-Gjengedal  
verneområdestyre**

**Postadresse**  
Naustdal-Gjengedal  
verneområdestyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Sandane Næringshage  
Sandane Senter, 3. etasje  
6823 Sandane

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 5764 3138  
[sfvpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvpost@statsforvalteren.no)  
[fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no)  
[www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-Gjengedal](http://www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-Gjengedal)

## Rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet

---

Sakshandsamar Alf Erik Røyrvik

Vår ref. 2019/19446-0 432.2

Dykker ref.

Dato 23.09.2024

# **Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet - Referat etter møte i Rådgjevande utval 16.09.24**

Måndag 16. september 2024 kl 16.30 til 18.30 på Skei hotell.

### **Desse møtte:**

Inge Erikstad – grunneigar Sunnfjord/Jølster  
Aksel Rygg – grunneigar Gloppe/Kandal  
Normund Svoen – grunneigar Sunnfjord/Naustdal  
Jan Ove Kornberg – grunneigar Gloppe/Sørstranda  
Kjell Arne Hjellbrekke – Indre Sunnfjord turlag  
Øyvind Hegrenes – grunneigar Sunnfjord/Angedalen  
Erik Solheim – Norges Naturvernforbund  
Anne Marie Mjellem – grunneigar Gloppe/Hyen  
Katrine Fjellestad Aske – Midtre Nordfjord turlag  
Arne Dvergsdal – Førdefjella villreinutval  
Karoline Bjerkneset – verneområdestyret (møteleiar)  
Erlend Haugen Herstad – verneområdestyret  
Tommy Sævareid – verneområdestyret  
Alf Erik Røyrvik – verneområdeforvaltar (referent)

### **Saker:**

#### **1. Opning av møte**

Karoline opna møtet og ønske velkommen. Vi hadde ei kort presentasjonsrunde der alle som møtte presenterte seg sjølv og kven dei representerte i utvalet.

#### **2. Orientering om saker og forvaltning**

Alf Erik orienterte om forvaltning og saker til no i 2024.  
Sjå vedlagt presentasjon for detaljar.  
Spørsmål til sakene vart svara ut fortløpande.



### **3. Revidering av tiltaksplan**

Alf Erik orienterte om prosessen med revidering av forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal LVO og om kor langt ein var komen.

Det kom spørsmål om mellom anna drone og elsykkel som vart svara ut etter kvart.

So snart verneområdestyret har eit fullstendig utkast snart, vert dette sendt ut til Rådgjevande utval som ei orientering.

Nytt forslag til forvaltningsplan vil verte lagt ut på offentleg høyring når Miljødirektoratet har hatt fagleg gjennomgang av den.

### **4. Rullering av Rådgjevande utval**

Rådgjevande utval skal normalt rullerast kvart 4.år, og vart sist rullert i 2020. Det er derfor på tide med ny evaluering og rullering av utvalet no i 2024, slik at dette er klart til neste møte i 2025.

Evaluering:

- Tilbakemeldingar frå styre, forvaltning og utvalet sjølv er at utvalet fungerer godt og har ei god samansetting. Ein ser ikkje grunn til å gjere større endringar.
- Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane har i nokre år blitt invitert som gjest, men ikkje vore formell medlem i utvalet. FNF SF bør no bli fullverdig medlem, det er ein sentral og viktig organisasjon/aktør.
- Representasjon frå interesse- og brukarorganisasjonar er elles dekkande.
- Det er viktig med god representasjon frå grunneigarane.

Grunneigarrepresentantane må sjølv vurdere om dei ønskjer å fortsette i vervet eller om dei ønskjer å gje «stafettspinnen vidare». Nokre grunneigarrepresentantar har skøyta frå seg garden til neste generasjon og er ikkje lenger formelt sett grunneigar. Dei kan likevel representere grunneigarane i utvalet.

Samstundes kan det vere ein god tanke å rullere på grunneigarrepresentantar slik at nye bygder, grender og gardsnummer får ha denne posisjonen.

I dei bygdene/grendene kor det er velfungerande grunneigarlag, beitelag eller sankelag som organiserer og kan tale for alle grunneigarane, kan gjerne laget enten vere representant eller peike ut representant.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre tek gjerne i mot innspel og tilbakemeldingar på kven som vil vere representantar vidare, helst innan 1.januar 2025.



## **5. Orientering om gjennomførte tiltak i 2024**

Alf Erik gjekk gjennom tiltak som er gjennomført og som blir jobba med no i 2024. Sjå vedlagt presentasjon for detaljar.

## **6. Aktuelle tiltak i 2025**

Alf Erik gjekk gjennom føringane for tiltaksmidlar og gjorde greie for kva tiltak som kan få midlar.

Aktuelle tiltak som forvaltninga har «på blokka» for 2025:

- Halde fram med skjøtsel og skjøtselsavtalar med grunneigarlag.
- Halde fram med fjerning av gran frå verneområdet og randsona
- Buføringsveg i Breidalen
- Informasjonsskilt
- Remerking og vedlikehald av infrastruktur.

## **7. Innspel frå utvalet til forvaltninga**

Innspel og ordskifte:

- Forvaltninga må vere medvitne på kor mykje og korleis det skal leggast til rette for ferdsel. Det bør ikkje overdrivast. Tilrettelegging bør primært skje der kor det skånar natur og vegetasjon, og elles er ein del av ein heilskapleg plan eller strategi.
- Det bør vere variasjon i type tilrettelegging slik at stiar og ruter ikkje blir monotone og unaturlege.
- Det er ønske om at det blir arrangert ein Stiskule i eller ved Naustdal-Gjengedal LVO.

Innspel til tiltak i 2025:

- Det er framleis behov for remerking av T-merka ruter.
- Det er behov for betre skilting og merking av stien til Byrkjeneset.
- Det er behov for vedlikehald på kloppane som ligg langs Vonavatnet og innover mot Nesstølen.
- Fleire støilar og kulturlandskap vurderer skjøtselsplan og skjøtselsavtale.



## **8. Eventuelt**

Det kom spørsmål om ein har statistikk på antal besøkande til verneområde og om ein veit om denne er aukande, stabil eller minkande.

Forvaltninga har samla litt enkel statistikk på dette i samband med utarbeiding av besøksstrategi i 2016 og i samband med revidering av forvaltningsplan no i 2024. Statistikken bygger hovudsakleg på bruk av bomvegar, parkeringsavgift og hyttebesøk. Eit grovt estimat tilseier at det er 20.000 til 30.000 besøk i Naustdal-Gjengedal per år, og at besøket er svakt aukande.

Med helsing

Alf Erik Rørvik  
verneområdeforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*